

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Iveland kommunehus

Dato: 23.01.2015

Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gro Anita Mykjåland	Nestleder	
Mari Mykland	Medlem	
Jon Rolf Næss	Medlem	
Terje Damman	Medlem	
Torhild Brandsdal	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Arne Jerstad		
Torill Runden		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Arne Tronsen	Dagleg leiar
Anne Liv Lidtveit	Juridisk rådgjevar
Stein Magne Schanke	Rådgjevar økonomi og krafthandel

Andre som møtte:

Namn	Funksjon
Reidar Saga	Leiar representantskapet
Bent Sørensen	Controller

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknader til innkalling og sakliste

Valle, 27.1.2015

Anne Liv Lidtveit
Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 2/15	Referatsaker
RS 1/15	Svar frå OED om oppmoding om snarleg avgjerd av klagesaka
PS 3/15	Drøftingssaker
PS 4/15	Orienteringar
DLO 1/15	EMIR-lovverket
PS 5/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 6/15	Risikostrategi
PS 7/15	Status strategiplan
PS 8/15	Revisjon av strategiplan 2014-2020
PS 9/15	Høyringsnotat til ny IKS-lov
PS 10/15	Årshjul 2015
PS 11/15	Styreinstruks Konesjonskraft IKS
PS 12/15	Instruks for dagleg leiar
PS 13/15	Fungerande nestleiar ved forfall til styremøta

PS 1/15 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Møteprotokollen frå møtet 21.11.2014 blei signert.

PS 2/15 Referatsaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte

RS 1/15 Svar frå OED om oppmoding om snarleg avgjerd av klagesaka

PS 3/15 Drøftingssaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Ingen drøftingssaker

PS 4/15 Orienteringar

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

- Orientering om EMIR-lovverket

Rådgjevar Stein Magne Schanke orienterte.

DLO 1/15 EMIR-lovverket

PS 5/15 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Rådgjevar Stein Magne Schanke orienterte.

PS 6/15 Risikostrategi

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Rådgjevar Stein Magne Schanke orienterte.

PS 7/15 Status strategiplan

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Strategiplanen skal reviderast, sjå sak 8/15

PS 8/15 Revisjon av strategiplan 2014-2020

Dagleg leiar tilrår:

Styret nemner opp ei politisk arbeidsgruppe som saman med administrasjonen skal utarbeide utkast til revidert strategiplan for perioden 2015-2020.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Forslag til medlemmer i arbeidsgruppa:

- Gro-Anita Mykjåland
- Jon Rolf Næss
- Terje Damman
- Torhild Brandsdal

Arbeidsgruppa skal ha fyrste møte måndag 2. mars 2015.

Vedtak:

Forslaget blei samrøystes vedtatt.

PS 9/15 Høyringsnotat til ny IKS-lov

Dagleg leiar tilrår:

KIKS sender eige høyringsfråsegn til kommunal- og moderniseringsdepartementet om endringar i ny IKS-lov. Vedlagte dokument fungerer som mal for innsendinga, og bør kunne gjennomarbeidast ytterlegare før innsending.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Rådgjevar Anne Liv Lidtveit orienterte.

Forslag til endringar og forbetringar blei presentert frå styremedlemmene.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

KIKS sender eige høyringsfråsegn til kommunal- og moderniseringsdepartementet om endringar i ny IKS-lov. Vedlagte dokument fungerer som mal for innsendinga, og bør kunne gjennomarbeidast ytterlegare før innsending.

PS 10/15 Årshjul 2015

Dagleg leiar tilrår:

Årshjul 2015 vert lagt fram til drøfting

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Dagleg leiar opplyste at det burde lagast årshjul berre for styret, utan for mange administrative gjeremål. Dette blir sendt ut i eiga sending til styremedlemmene.

Møteplanen for 2015 blei lagt fram til drøfting, og gjort endringar i enkelte datoar. Innkalling blir sendt via outlook.

2. mars	Vennesla	kl. 11:00 – 14:00
10. april	Froland	kl. 10:00 – 14:00
5. juni	Åmli	kl. 12.00 – 16.00
10. – 12. august (?)	Blåsjø/Stavanger	Tur saman med PFU til Blåsjø-magasinet
9. oktober	Iveland	10:00 – 14:00
27. november	Arendal	10:00 – 14:00

Turen til Blåsjø/Stavanger må avklarast nærmare.

Vedtak:

Årshjul og møteplan for 2015 blei vedtatt.

PS 11/15 Styreinstruks Konesjonskraft IKS

Dagleg leiar tilrår:

Saka vert lagt fram for drøfting.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Saka blei drøfta.

Styret skal ha styreevaluering neste styremøte.

Vedtak:

Styreinstruksen blei samrøystes vedtatt.

PS 12/15 Instruks for dagleg leiar

Styreleiar tilrår:

Instruks for dagleg leiar vert lagt for styret for handsaming.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Nestleiar Gro-Anita Mykjåland orienterte.

Endring i delegasjonsreglementet, fyrste avsnitt under personalsaker. Avsnittet skal lyde:

Opprette, gjere om og leggje ned stillingar innafor rammene av gjeldande budsjett og økonomiplan.

Lik endring er gjort i fyrste avsnitt under økonomi. Avsnittet skal lyde:

Dagleg leiar disponerer budsjettet innanfor ei ramme representantskapet har fastsett.

Vedtak:

Instruks for dagleg leiar og delegasjonsreglementet blei samrøystes vedtatt med nemnde endringar.

PS 13/15 Fungerande nestleiar ved forfall til styremøta

Sak fremja på styremøtet av fungerande styreleiar Gro-Anita Mykjåland.

Ved styreleiar sitt forfall til styremøta, fungerer nestleiar Gro-Anita Mykjåland som styreleiar.

Det blei foreslått på styremøtet at Terje Damman fungerer som nestleiar i styreleiar sitt forfall. Likeins fungerer han som styreleiar ved styreleiar og fungerande styreleiar sitt forfall til styremøta.

Forslaget blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Terje Damman fungerer som nestleiar i styreleiar sitt forfall. Likeins fungerer han som styreleiar ved styreleiar og fungerande styreleiar sitt forfall til styremøta.